

Fra: Johan Støyva [johanstoyva@me.com]
Sendt: 15. august 2011 23:54
Til: NVE; Sørensen Jan
Emne: Høyringsfråsegn: Breim kraftverk i Storelva i Gloppen kommune

Eg viser til søknad og planar om utbygging av Storelva i Breim. Som fastbuande i bygda er det vanskeleg å la vere å kommentere så store prosjekt, som utan tvil vil setje tydelege og negative spor etter seg. Eg vil tilrå at søknaden ikkje vert innvilga. Viktige moment for meg er følgjande:

- Det er godt dokumentert i offentleg statistikk at det ikkje er behov for meir kraftproduksjon korkje i regionen eller ikkje i Norge i overskueleg framtid. Auke i kraftproduksjon må difor til vidare gå til eksport. I prinsippet kan krafteksport vere eit satsingsområde, men som i tilfelle bør betale sine egne kostnader. Det er ikkje tilfelle i dag, sidan utbygging og drift av transportkapasitet i det store og heile vert dekt av den ordinære nettarriffen, dvs i det vesentlege av forbrukarane, og ikkje av utbyggjar. I tillegg må ein rekne med at ny kraftproduksjon får tilgang til sertifikat, altså direkte subsidiar betalt av det offentlege. Vidare inngår ein andel av prisen på CO2-kvotar i kraftprisen, altså endå ein fordel for utbyggjar og tilsvarande ulempe for forbrukar. Alle desse momenta reduserer samfunnsnyttan av prosjektet, som etter kalkylen er marginalt frå før.

- Det er på tide at NVE og andre styrande organ vurderer om ikkje grensa snart er nådd for storleiken på private prosjekt som utnyttar ein allmenn og felles ressurs som rennande vatn er. Eg meiner at prosjektet tøyser grensene for småkraft for langt, og at så store prosjekt i tilfelle realisering bør vere på offentlege og ikkje private hender.

- Det verkar som konsekvensutgreiingane nokså systematisk reduserer ulemper og talar for godene ved ei utbygging. Dei som har sett ein del elvar i Norge vil utan vidare forstå at ein så drastisk reduksjon i vassføringa vil medføre store endringar i elva, ikkje berre frå inntaket og ned, men også for fisk ovanfor inntaket og for landskapet og bygda. Det er spesielt graverande at det omsøkte prosjektet flytter storparten av vatnet til eit anna utløp i Breimsvatnet, og såleis vil gjere store endringar i landskapet.

Vennleg helsing
Johan Støyva
Byrkjelo